

# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 7

SEPTEMBER 1975

24. årgang

## La Guds Bud

være din eneste  
rådgiver,  
og din veg fører  
aldri i  
villfarelse eller  
ulykke,  
men i glede til  
godt utfall  
og til et  
herlig mål.

MB

Kvar har sine opplevingar i sommar. Alle dei kan ikkje vi skrive om her. Men i menighetslivet i Orkdal har det hendt mange fine ting.

Krinsmøtet til Den norske sjømannsmisjon på Orkanger 14.-15. juni blei ei inspirerande samling. Kjærleiken til sjømannskyrkjene steig mange grader dei dagane. Det har venteleg ikkje falle ned igjen ennå. Helga etterpå hadde vi det store 300-årsjubileet i Orkland sokn. Eksemplarisk arrangement, og god tilslutning. Vi viser til Anders P. Kvåle sin prolog inne i bladet. Mange fine tilbakeglimt gav jubileet oss, men først og


## *Ein sommar med mange opplevingar*

fremst trur vi det var med å styrka menighetsfellesskapet.

Same veka starta NSPF-speidarane i Trøndelag sin krinsleir i Husdal. Frå sol på søndagens jubileum, til regn og sludd veka til ende. Noen gonger er veret ublidt. Men da vi hadde gudsteneste i Husdal fredag kveld, og smatt så vidt inn mellom regnbygene med den, var jentene i godt humør i sine regnklær.

På noen regner det, på andre skin sola. Svorkmospeidarane, som var invitert til krinsleir for Romsdal og Nordmøre i Surnadal fekk ei fantastisk leiroppleving. Ein aldeles barsk hike, men elles «sommar og soliga dagar». Ovanfor viser vi noen av resultata frå hiken, og herleg avslapping. Inne i bladet fins det meir om dette.

Framh. s. 7.

**SLEKTERS GANG****Døpte****Orkland**

- 1.6. Roar Wuttudal  
15.6. Kristin Bjørnbeth  
Line Grø  
22.6. Morten Bakken  
10.8. Lena Hovde  
Vegard Svendgård  
Roger Enebakk  
Geitastrand  
18.5. Marit Fjelnseth  
15.6. Hildegunn Ofstad

**Orkdal**

- 18.5. Siv Anny Sagmo  
25.5. Øyvin Dahl  
Robert Aas  
Unn Stokkan  
8.6. Roar Alstad  
Vidar Nervik  
22.6. Jan Tore Wiggen  
6.7. Mona Berbusmel  
Lene Grøset  
Ann-Karin Buan  
20.7. Øyvind Eggen (døpt i Heim k)  
27.7. Knut Arild Østhush  
Jan Erik Løseth

**Orkanger**

- 1.6. Oddvar Kvernmo  
29.6. Håkon Skjølberg  
Ove Dyrseth  
Vidar Skaugen  
Roar Enoksen  
Randi Mathisen  
Merethe Landrø  
13.7. Terje Bonvik  
Bente Noreng  
Kari Noreng  
3.8. Magne Gjønnes  
Øystein Røhme

**Vigde****Orkland**

- 27.6. Erling Arthur Rian  
og Solveig Bråten

- 19.6. Hallgeir Kusæther  
og Oddrunn Skjølberg  
16.8. Reidulf Lie og Karin Sørli  
23.8. Thor Olav Svorkmo  
og Torild Engmo

- Geitastrand**  
27.6. Arnold Ludvig Lorentsen  
og Tone Andøl  
16.8. Jann Birger Leknes  
og Liv Astrid Sletvold

**Orkdal**

- 24.5. Knut Bjørkli  
og Marit Synnøve Kvakland  
7.6. Finn Harald Selbæk  
og Eli Dahl  
Ingar Melås  
og Sigrun Vullum (v. i Ranes k)  
14.6. Alf Berge  
og Jorunn Anette Solemsløkk  
Leif Peder Halgunset  
og Brit Irene Liøkel  
Ola Myren  
og Inger Solstad

- 14.6. Arne Skaugen  
og Else Marie Olsen (viggd i  
Hedrum k.)  
21.6. Egil Atle Bysting  
og Åshild Solem  
Fredmund Skauge  
og Kari Else Hauge  
23.6. Erik Øiene  
og Eli Dahlø (Viggd i kong  
Håkons k., K.hamn)

- 12.7. Bjørn Rønning  
og Mildrid Olsvik  
Jostein Magne Singstad  
og Marlaug Bjørndal  
Odd Magne Solheim  
og Kari Johanne Trønsdal  
19.7. Helge Aunemo  
og Berit Kjønli  
Atle Kjell Sætre  
og Kirsti Stokkan  
Arild Christensen  
og Britt Slupphaug  
Jan Woldheim  
og Turid Slupphaug  
2.8. Ottar Brox  
og Oddny Kristin Solem  
9.8. Bjørn Aas  
og Laila Sofie Fandrem  
Knut Stensaa  
og Liv Margareth Sundli

**Orkanger**

- 13.6. Gunnar Kristian Sellevik  
og Elin Johanne Hukkelås  
14.6. Audun Grimstad  
og May Wenche Meinhardt  
21.6. Odd Gunnar Auset  
og Anne Marie Bakken  
John Inge Singstad  
og Solveig Blåsberg

- 5.7. Jørleif Lium  
og Britt Else Marie Holten  
18.7. Gerhard Martin Jaitner  
og Karin Helene Sundli  
19.7. Sture Søren Sevelin  
og Irene Birgitta Lind  
26.7. Jan Søren Swensen Bakke  
og Kirsti Sandgrind  
9.8. John Olaf Antonsen  
og Solrunn Lie  
16.8. Trond Ingdal  
og Toril Karlsen

**Døde****Orkland**

- 3.7. Jarle Fredrik Aamot f. 1920  
22.7. John T. Sinnes f. 1889.  
27.7. Peder A. Hongslo f. 1898  
3.8. Gudrun Lium f. 1906  
5.8. Kristine O. Svorkmo f. 1894  
7.8. Anne O. Svorkmo f. 1908  
15.8. John O. Berbu f. 1893  
15.8. Telise Hongslo f. 1889  
19.8. Ida Øyum f. 1903

**Geitastrand**

- 31.7. Marie Vattengård f. 1892

**Orkdal**

- 15.5. Nils Langeland f. 1883  
23.5. Harald Leknes f. 1913  
4.6. Olava Fossen f. 1899  
5.6. Kaare Svorkmo f. 1912  
8.6. Karl Albin Fossum f. 1898  
13.6. Kristine Gangås f. 1890  
15.6. Ottar Melkild f. 1902  
17.6. Rakel Evjen f. 1883  
7.7. Martin Krokstad f. 1897  
Ola Bakke f. 1909  
18.7. John Eggen f. 1892

**Orkanger**

- 31.5. Sigrid Isdahl f. 1900  
5.6. Kristin Brustad f. 1971  
5.6. Kristian Steen f. 1886  
9.6. Marit Dalegg f. 1887  
16.6. Arne Margido Løkstad f. 1907  
20.6. Signe Otelie Johnsen f. 1898  
27.6. Olga Marie Martinsen  
29.6. Ole Reitan f. 1904  
30.7. Randi Bach f. 1899  
29.7. Marie Nikoline Nielsen f. 1910  
9.8. Maren Ekli f. 1905

**MENIGHETSBLAD**

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Anny Bonde.

Reidar Halgunset.

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgiro nr.: 32 68 72.

Takk for gåver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

**PÅ SMEDHAUGEN**

St.-Hanshelg med sol kring høgdom.

Voksterliv i alle bygdom.

Vårfest i Guds store kyrkjehus.

Ja, — slik er ho denne fagre råma  
kring vår store jubileumsfest.Og no står me her på denne vakre høgda  
sveipt i ljós i kveldsolglo.Og slik ho stod her gamle kyrkja  
lyste opp med åndens ljós.Malmtung klokka kalla hit  
gruvefolk frå strev og slit.Klokkeklang kring bygd og gredrer  
løyste etterklang i hjartestrenger.Lytt, — eg tykkjест høyre omen  
alterljom frå Svorkmodomen

Her ho stod som tempelvakt!

Vakta vel på åsar — vollar  
og så alle desse høge kollarher — på gamle sogegrund  
bygdehjartets odelsgrunn.

Her, kyrkja stod, — på Smedhaughøgda.

Som vakt og vern ho var for bygda  
for dal og li — for grensd og gard.Høgt ho stod i bondens sinn  
og vermde heilt til innste hjartebåga inn  
gav vonfull tru i sjel og sinn.Her gruvefolket steig til høgtid inn.  
Dei knelte her ved altarringog heilaganden senkte vart seg ned  
gav trøytte sjele ro og fred.Me stansar opp, som desse folk sin gjest  
no idag ved denne kyrkjefest.Me ser dei koma bakkane oppover hit  
til kyrkje — etter dagar lang med slit.

Me ser dei knele her ved altarring.

Sjå vona lyser opp i mange tunge sinn.  
Så klemtar klokka sine tunge slag

og ut av kyrkja stig dei no ilag.

Dei helsar nikkar no i kyrkjeklæde fin  
og så på heimvegen dei skundar med slik ro i sinn.

Tre århundreder — for det står denne festen.

Og me treng så vel til denne friske blesten.

Gjev han vil ruske opp i slappe sløve sinn  
og føre oss meire aktiv i Guds kyrkje inn.Til Moe kyrkja, — som stod her, — no flytta er  
Ho lyser no og, — vakker — som ho står der.Ho peikar der og, — oppover med sin kross.  
Men Guds store kyrkje ho lyt vera inni oss

skal Guds ånd få bustad i vårt kyrkjehus.

På Smedhaugen her me kjenner sogenes, —  
Den legg slik glans om det som ein gong var  
og bygde bru til tida, — me no har.

## Fluggusnapparen - venen min.

Kor eg er glad i deg vesle skatt!  
Du syng for meg trufast dag og natt.  
Songen din fyller hjarte og sinn.  
Du gode ven — du gjesten min.

Ei lita kasse er huset ditt.  
Som takk syng du glede i hjarte mitt.  
Du eig ikkje mykje, men takkar endå  
med song og kvitring til store og små.

Du lærer meg mykje du kjære skatt.  
Du lærer meg takke for helse og mat.  
Du lærer meg sjå gjennom tårer  
og gråt  
ein Gud som i allting er med og attåt.

Ha takk lille ven for kjærleik og song.  
Takk for den gleda du gav  
enn eingong.  
Må eingong mi glede nå inn til deg  
som takk for kvar stund  
du velsignar meg.

Asbjørg Svare

## Ver snill mot fuglar og dyr

Vi veit alle kor forsvarslaust  
eit lite dyr er. Og kor redde og  
vare dyra er for oss menneske. Vi  
er redde vi og når nokon trugar  
oss og vil ta frå oss noko vi er  
glade i. Ei mor som misser  
ungen sin sit att i djup sorg —  
ein unge som misser mor eller  
far likeeins.

Slik er det med dyr og fuglar  
og. Dei er glade i ungane sine.  
Høyr berre på songen deira når  
dei har funne make, byggjer  
reir og får ungar. Kva ville  
våren vera utan fuglesong?

År etter år opplever vi likevel  
at desse små, forsvarslause  
fuglane må li for vår del. Vi  
som er fedre og mødre må for-  
telja ungane våre at ei fugle-  
mor gret når vi tek egg og ungar  
frå henne. Ho gret sjølv sagt  
ikkje som vi med tårer og hikst,  
men inne i bringa kjenner ho og  
vondt. Ho tilgjev, gløymer og  
syng for oss likevel. Det er meir  
enn kva vi menneske gjer når

nokon er stygge mot oss. Vi  
burde gjera det, tilgjeva og  
gløyma, men det er ikkje alltid  
like lett. Kjære far og mor: Sei  
til ungane dykkar at fugleegg  
og fuglereir må få vera i fred.

Berre få meter frå huset vårt,  
i ei bjørk på andre sida vegn,  
har vi sett opp fuglekasse. I fjar  
sumar fekk lauvsongaren to kull  
ungar. Mora og faren song for  
oss døgnet rundt, og i år syng  
kanskje ungane med. I vår kom  
fluggusnapparen til kassen, ein  
liten, vakker fugl med slik glad  
song. Mann og kone bar mose og  
strå til reiret, og vi gledde oss  
alle over å kunne hyse ein slik  
liten skapning. Så ein dag,  
medan mora ruger og faren syng  
i bjørka ved sida av, finn to gut-  
ungar på å klive opp og øyde-  
leggje reiret! Dersom mor og  
far deira har gløymt å advare,  
veit eg at skolen har mint dei på  
å vera gode mot dyr og fuglar.

På denne bakgrunn må kyrkje-  
kora igjen få sin plass i kyrkjelivet.  
Organiststillingane må styrkast  
og utbyggast. Barne- og ungdoms-  
kor må opparbeidast. Ein av dei  
praktiske tinga som her må bli løst,  
er oppretting av fast organiststil-  
ling ved Orkland kyrkje.

Vi var alle lei oss den dagen  
det skjedde — og er lei oss no  
og, men dersom fuglen tilgjev,  
må vi vera like store vi og, til-  
gjeva og gløyma. Men vi har  
lov til å koma med ei lita bøn:  
Tenk over kvar gong du er stygg  
mot ein fugl eller eit dyr: Det  
gjer vondt, dei gret og lir — og  
døkk har lært — heime kanskje  
— iallefall på skolen at «du skal  
ikkje slå ihjel». Det tyder ikkje  
berre slå til daude, det tyder og  
at vi ikkje må gjera vondt mot  
nokon, korkje dyr eller men-  
neske.

Tida er ikke til å dane søsken-  
ring av naturvener — også i  
Orkdal. Dersom vi går saman  
— lyfter i flokk — kan vi kanskje  
makte å hindre slike små  
tragediar — og også større sår  
i naturen og på naturen. Dersom  
ei gruppe fra naturfaglinna  
på gymnasiet t.d. vil gjera det  
første opptaket til ein feltnatu-  
ralsk foreining — dane den  
første lekkja i ringen — vil  
mange, mange vener slå følje.  
Om nokre år står kanskje ein  
vaksen mann midt i ringen og  
angrar fugletragedia frå den  
gongen han var liten og dum.

## Song og musikk

På side 3 gjengir vi Magnhild Hoff  
sine tankar til elevane sine ved  
avslutningskonserten for studieåret  
74/75. Den tradisjonelle og rikhaldige  
konserten blei halden på Ork-  
anger aldersheim. Alt til stor glede  
for pensjonærar og foreldre. Også  
kaffi og kaker som Orkanger men-  
nighetsforening sto for.

Heldigvis har song og musikk  
alltid hatt plass i kristent menighets-  
liv. Men noen periodar har vore  
tørrare enn andre. Og dei periodane  
har mangla vesentlege impulsar.  
Heldigvis er vi inne i ei tid der  
tonane igjen har fått dyrkingsrom.  
Vi trur at i gjenopplivinga av  
kyrkjemusikken gjennom tidene, og  
i nyskaping av i dag, har guds-  
tenestelivet sine største impulsar å  
hente i vår tid.

På denne bakgrunn må kyrkje-  
kora igjen få sin plass i kyrkjelivet.  
Organiststillingane må styrkast  
og utbyggast. Barne- og ungdoms-  
kor må opparbeidast. Ein av dei  
praktiske tinga som her må bli løst,  
er oppretting av fast organiststil-  
ling ved Orkland kyrkje.

Men med Magnhild Hoff som  
bakgrunn, må vi og minne om noe  
vidare. Privatundervisninga i mu-  
sikk hos musikklærarane i bygda  
til hausten. Kva tid får Orkdal  
sin musikkskole?

## Orkdal Sparebank

Orkanger ... kl. 08.00 - 15.00  
Torsdager ... kl. 08.00 - 18.00  
(Tlf. 80 450)  
Fannrem ... kl. 08.00 - 14.30  
(Tlf. 82 191)  
Selbekken ... kl. 09.00 - 14.30  
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer  
stengt.

## Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det  
gjeld trykking av blad, tids-  
skrifter, forretningstrykk  
m.m.  
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

(Framhald frå side 3)

Difor vil me stanse opp og minnast alle deim  
som i jorda her har fått så trygg ein heim.  
Dei levde her i livsens harde strid  
og heinta von og trøyst frå kyrkja her, i all si tid.  
Her møtte dei med tvil og von og tru.

Her vart det opp til himlen bygt så sterk ei bru.  
Eg tykkjer reint at deira ånder sviv om oss her — i eim.  
Me merkar deira pulsslag her i skog og mark i vatn — stein.  
Dei sviv om oss her i glede — sukk og gråt.  
Han sveiv slik opp og ned den harde livsens båt  
så lyden blir eit blandakor i moll og gledelått  
og lagar liv og høgtid over stemne vårt.

Me treng til ro — og sjå på vegar som dei gamle gjekk  
så finn me heller vegen framover, — sjølv om me skodde fekk  
Er dalen kringom Svorkmo ofte kalla mørk og trøng,  
så er det over alle åsar her, både luft og ljós og rom.  
Og alle kyrkjetårna tri — dei peikar opp mot ljós og dag  
og difor takkar me dei gamle for leia dei oss gav.  
Me treng så vel til kyrkjehus — det faste punkt for oss.  
Me treng til å få kvila, ved kyrkjas faste kross.  
Og dei som sov i jorda her, skal standa opp att, som det skrive står.  
Da blir det større St.Hanshelg hell no, med evig ljós og vår.

Anders P. Kvaale


tid og håp. På Surnadalsleiren del-  
tok 36 Svorkmospeidarar. Tre gutar  
var og på ei vekes hard ledar-  
trening på Sunnmøre. Framh. side 7



## Den lykkelegaste i verda!

Baden Powell skriv ein plass: «Ein  
mann påsto han var den lykkelegaste  
mann i verda! Eg måtte fortelle han  
om ein som var enda lykkelegare —  
meg sjøl».

Vi gjengir bilder av noen lykkelege  
arvtakarar etter BP i dette num-  
meret. På 1. sida May-Britt Svorkdal,  
Marie Tronvoll og Anne Grytdal. Her  
Bjørg Aa, Ingar Haugen og Steinar  
Svorkdal. Det viser strev, kvild og  
læring på speidarleiren i Surnadal i  
sommar. Dei får stå som represen-  
tantar for dei mange lykkelege og  
greie ungdomane. Dei er festlege å  
vere i lag med. Her er avgjort fram-



## Prostidagen

for Orkdal prosti blir arrangert på  
Svorkmo 21. september. Det blir åpna  
med gudsteneste i Orkland kyrkje  
kl. 11. Seinare blir det mat å få  
kjøpt på Svorkmo misjonshus. Vidare  
blir det ettermiddagsmøte. Ein reknar  
med stor oppslutning frå heile pros-  
tiet. Formann i prostirådet er Reidar  
Halgunset.

## Gåver til Moskjerka

Som før nemnt ga Marie Andersen  
f. Heyerdals legat 41.600,— kr. til  
glasmåleria. Orkla Industrier betalte  
ein messekak til kr. 5.000,—. Elles  
har dei ulike kyrkjefonda dekt ut-  
giftene. Det gjeld restaureringa av  
altertavla, putene i benkene, dåps-  
sakrestiet (med ein del kommunal  
støtte), antependium og prekestolkle-  
de. Til slutt, og ikkje minst alter-  
duken. Det var Kyrkjeringen på  
Svorkmo som ordna med denne. Duken  
er sydd av Solveig Karlsrud.

## Salmar 73

Dette tillegget til salmeboka er tatt  
i bruk i Orkland og Orkanger kyrkjer.  
Vi trur det snart kjem i dei andre  
og. Det er svært mange gode salmar  
der. Men ein god del melodiar er  
ukjente. Derfor tilrår vi folk kjope  
seg salmeheftet på bokhandelen, og  
sette igang med treninga. Det er ein  
god syssel heime og. Ein vil bli be-  
rika av det. Ein annan grunn til at  
det er klokt å skaffe seg boka privat,  
er at salmane er mye brukt i NRK.  
Å syng med radioen er og ein fin  
måte å lære melodiane på.

## På Tjønnåsen

var det jonsokkveld med 75 opp-  
møtte. Triveleg midtsommar ute i  
marka. Tjønnåsen skal elles repara-  
rerast utover hausten, så her trengst  
det innsats. Plassen er elles alt  
brukande.

## Søvasskjølen fjellkyrkje

Komiteen som har arbeidd med  
dette ser seg no ferdig med sitt arbeid  
som berre skulle vere eit opplegg i  
planleggingsfasen. Komiteen har  
Framh. s. 7

## Helsing fra Orkdals misjonærar

For oss som bor i HongKong, er det litt av en overgang å komme til Norge.

Den rene luften, stillheten, skogviddene og fjellene får oss til å stoppe, lytte og undres.

Det bor omtrent like mange mennesker i Norge som i HongKong. Forskjellen er bare den at i HongKong bor det fire millioner innbyggere på et begrenset lite byområde, mens i Norge er folket spredt utover hele det langstrakte landet.

I HongKong bor folk stuet sammen i kjempestore leiegårder med gjennomsnittlig 3000 mennesker i hver leiegård.

Det kan bli mange nabo-problemer når alt skal være felles, fra toilet og vann til trappeoppganger og tumleplasser. Men chineserne er mye flinkere diplomater i tvistesaker med naboen enn vi romstørre nordmenn.

Eller hvordan tror dere det ville ha artet seg om folk herhjemme skulle ha stått i kø ved en springvannskrane for å hente vann til morgenkaffen?

Men det er ikke bare nabodiplomati folk i HongKong har bruk for. Leilighetene deres er knøttsmå, ofte kun ett eneste rom på 3 m × 3. Her lages maten, her sover, spiser og «bor» hele familien.

En familie består gjerne av tre generasjoner: besteforeldre, forldre og barn.

Noe slikt som gamlehjem finnes knapt.

Dersom det er mulig å finne arbeide, så har ofte både far og mor jobb ute. Da er det besteforeldrene eller de største barna som må passe de små. Der det ingen besteforeldre er og de største barna for små til å stole på, hender det at foreldrene stenger barna inne i enromsleiligheten når de går på arbeide om morgenen.

Mange av disse fattige er flyktninger. De har ikke bare fattigdom og nød å kjempe med, men ved siden av den daglige kampen for til-

SØNDAG ER KYRKJEDAG

værelsen, har de også en tung byrde av vonde minner....

Selvfølgelig er det også et annet HongKong: Luksusbyen, rikfolkstrøket med høye, tykke murer omkring. Det inn når ikke den rātne lukten og stanken fra åpne kloakker og halvmørke bakgater. Kjempeslott, messingbeslattede porter fører inn til disse herskapshusene i praktfulle, eksotiske parklignende hageanlegg.

Men det er ikke menneskene i disse luksusstrøk vi omgås.

Vi bor og arbeider sammen med de fattige, de elendige og forkomne. Det er disse vi forsøker å hjelpe, trøste og glede. Vi gir dem det største av alt: evangeliet om Jesus, han som elsker alle mennesker.

Nå hører vi riktignok sterke røter her i vesten som beskylder oss misjonærer for at vi kun er optatt med det hinsidige og himmelske og med å frelse sjeler.

Mon om de som slynger ut disse beskyldninger er klar over at de norske misjonsfolk sendte ut misjonærer som bygde hospital og skoler, lærte folk å lese og skrive og hjalp folk i deres nød og hjelpesløshet lenge før såkalte fagfolk og eksperter hadde tanker og planer om noen som helst u-hjelpe!

Nei, den som har levet og arbeidet mellom ulykkelig og forkomne mennesker i snart 40 år har sett for meget av menneskelig lidelse og elendighet til å kunne slå seg til ro og lukke øynene for legemlig og timelig nød.

Men vi har også sett for meget av åndelig nød og fattigdom til at vi kan si til dem som ikke kjenner Jesus Kristus: «et, drikk og vær glad». Vi vet og har erfart sannheten av at «mennesket lever ikke av brød alene». De som tror de kan klare det, vil en dag oppdage at de er de lutfattigste av alle.

Tilslutt en hjertelig hilsen og takk til dere alle som følger med oss i arbeidet ute i HongKong. Takk for forbønner og gaver til misjonsarbeidet.

Eli og Emil Aarsheim

**SØVASSKJØLEN  
FJELLKIRKE**  
postgiro 3675436 GJØLME.  
EI KIRKESAK FOR ALLE  
I ORKDAL.

## Misjonsjubileum i Orkland

Asbølljåren NMS forening fyller 100 år. Det blir tilbørleg høgtida med misjonshelg i Orkland 14. sept. Bygdas eigen misjonær, Eli Aarsheim blir med, og kretssekretær Sverre Røvik. Vi møtest til gudsteneste i kyrkja, kl. 18 er det festmøte i misjonshuset. Vi reknar med at misjonsinteresserte fra eit vidare område møter opp denne dagen. La det bli hausten si store misjonssamling. Spesielt inviterer vi alle misjonsforeningsmedlemmer i heile Orkdal prestegjeld. Det skal m.a. finnast omlag 20 NMS-foreiningar.

Vi sit framfor oss med ei misjonsrekneskapsbok fra 1856. Sirleg ført, og med namn og sum for kvar som ga. Misjonsgloden brann før Asbølljåren foreining blei stifta. Det er mannsnamna som dominerer. Boka er funnen i Paul Kviknes rike og forunderlege samlingar. Det å vere omgangsskolelærar og misjonsmann hørte saman. Dei var ikkje borte vekk dei gamle. Kanskje misjonsjubileet vil føre til ny mannsinnsats i misjonen?

Elles noterer vi oss at slektsarven er stabil. No er det Målfrid Kvikne som er formann i den jubilerande foreininga. — Vel møtt!

### Hilsen fra Furnes

Som tidligere medarbeider sender jeg de beste lykkenskninga til 100-års jubileet. — Jeg minnes med takk de mange gode stunder vi hadde først i den egentlige Asbølljåren misjonsforening og siden etter sammenslutningen med den såkalte ungpikeforeningen.

Ofte kan en vel fristes til å tenke smått om det arbeid som foregår i en slik forening. Men da gjelder det å kaste blikket utover og få øye på den fantastiske, verdensomspennende virksomhet misjonen er, noe som kaller på støtte fra oss alle.

100 år er en lang periode. Mange er de misjonskvinner som trofast har deltatt i løpet av denne tiden.

Vi husker med takknemlighet mange av dem. La deres eksempel følge oss og mane til fortsatt innsats i tiden som kommer.

Lykke til!  
Med hjertelig hilsen  
Synnøve Koren

Framh. frå s. 5.  
lagt alt sitt arbeid fram for det kyrkjelege fellesråd, og bedt om at Fjellkyrkja blir ein sjølveigande institusjon og at eit råd og styre blir oppnemnt. Fellesrådet har slutta seg til desse tankane. Ein reknar med at rådet kjem i funksjon i september månad. Elles er det vedtatt vedtekter, og ein god del planmateriell er gjennomgått.

1. - 5. okt.

er det møteserie i Orkanger bedehus ved Hans Helmersen.

Kretsens dag i Indremisjonen  
på Orkanger bedehus søndag 28.9  
kl. 19. Tale av prost Rogstad.

### Nye misjonsstudentar

Lars Erik Sandvik, Monsetjåren og Asbjørn Barlaup, Aure er mellom dei nye misjonsstudentane ved Fjellhaug misjonsskole. Sandvik er nett ferdig med 2 års studier ved Bodø distriktshøgskole.

### Formann i Orkdal kr. skolelag

er dette semesteret Ida Mastad, Fannrem.

### Konfirmantjubileet

50- og 25 årskonfirmantar møtest i Orkland kyrkje 12. okt.

### Den lykkelegaste i verda - -

Framh. frå s. 5

Baden Powell skriv også: «Ein må bli gripen av religionen, han kan ikkje læra. Det er ikkje noe som blir pådytta utanfrå, som klær ein tek på seg om søndagen. Det er ein del av guten sin sanne karakter, ei utvikling av hans sjelalive, ikkje eit ferniss som ein plukkar av. Det er ein del av hans personlegdom, hans indre overbevisning, ikkje noe han har lært.

Eg har for min del trena noen tusen unge menn, og ut frå mi store personlege erfaring er eg komen til den slutninga at ein svært stor prosent av dei unge menn i dag ikkje blir leda av religiøs overbevisning i sine handlingar.

Dette kan for ein stor del ha si skuld i at ein har nyttat undervisning istaden for oppdragring ved deira religiøse trening.»

For Baden Powell var religionen ein avgjerande del av speidingsa. Ein

## GAVER til bladet

### Orkdal

Ola og Beret Kirkaune 20. Gjertine og John Ødyn 15. Arnfinn Nesset 10. Brynhild Nordtømme 10. Beret Blomli 10. Bjørg og Svein Raanes 20. Randi Sveggen 20. Olav Gjøas 10. Jarl Fagerholt 10. Gjertine og Ola Solhus 20. Ellen Ekli 10. Morten Andøl 20. Ole Svee 10. Bjarne Andresen 20. Sonja og Erling Ustad 20. Hanna og Karl Dørål 20. Matea og Arnt Søvassli 20. Olav Hauge 20. John Aa 10. Beret Metli 10. Sigrid og Anton Løvås 50. John Gimse 10. Johs. Eldevik 20. Dagmar Sundli 20.

### Geitastrand

Ida Aasen bet. kr. 15. Karen S. Meland 10. Anders Ofstad 20. Kristen Hukkelås 10. John Aasen 12.

### Orkland

Signe og Trond Berbu bet. kr. 20. John K. Stubban 10. Anders O. Hoston 20. Eimund Asbøl 20. Kjellfrid og Otto Larsson 20. Marit og Olav Dalen 10. Samuel Pettersen 10. Jenny Rise 10. Jorhild og Ola Ljøkje 20. Ingeborg og Ola Gundersen 10.

### Orkanger

Harald Røhme bet. kr. 20. J. Lilleholte 20. Tora Liøkelsøy 10.

Hjertelig takk for all utvist oppmerksamhet og deltagelse ved vår kjære mor Kristine O. Svorkmo's bortgang.

### Barna

ma 20. Oddbj. Sundli, 6600 Sunndalsøra 20. Bjørg Bakk, Høgbyvegen 6. Hønefoss 10. Erling Johansen, Saksveien 50. Jorunn Skjølberg, Heimdal 20. Egil Nilsen, Rotsundelv 10. Solveig og Ivar Svorkmo, Løkken Verk 25.

### Ein sommer med mange - -

Fram. frå s. 1.

Vi minnes også Musica Sacras sommarskole med sin laurdagskonservert i Orkland 5. juli. Snakk om reine stemmer. Her var mye nytt og ukjent, men så oppleftande.

Kva skal vi meir ta med av sommaren blomsterbukett? Ja, sjølv sagt alle vakre brudene. Vi har hatt mange vigsler. Glade unge som har gitt kvarandre sitt ja. Det har rett ut sagt vore festleg.

Og så noen andre blomster. Takkens blomster, og tårenes. Noen har følgt sine kjære til grava. Men da er det også godt å få vere i kyrkja — og få sjå himmelstigen.

## Konstads Bokhandel

Orkanger.

### Bøker - Papir Skolemateriell

### 80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

## Svorkmo Handelssamlag

## GUDSTENESTER

### 7.9. 15. s. i treeining

**Orkdal** kl. 11. Spr. Rogstad. Offer til Iko. Menighetsmøte umiddelbart etter høgmassa.

**Geitastrand** kl. 11 res. kap. Eidhamar. Nattverd. Buss frå Råbygda.

### 14.9. 16. s.i. treeining

**Orkland** kl. 11. Festgudst. i anl. NMS 100-årsjubileum. Res. kap. Eidhamar, Kretssekr. Sverre Røvik og

Misjon. Eli Aarsheim. Offer til NMS. kl. 18 festmøte i Svorkmo misjonshus.

**Orkanger** kl. 11. Spr. Rogstad. Offer til Orkanger s. sk.

### 21.9. 17. s.i. treeining

**Orkland** kl. 11. Høgmesse v spr. Rogstad. Prostiets kyrkjedag.

Orkland mannskor. Offer til prostirådets arbeide.

kl. 14 festmøte i Svorkmo misjonshus. Andakt v. spr. Tale av Misjonær Inger Jakobsen. Samtale over ein kaffekopp. Svorkmo musikklag.

### 28.9. 18. s.i. treeining

**Orkdal** kl. 11. Spr. Rogstad. Nattverd. Offer til de 4 diaconiinstitusjonar.

**Orkanger**. Res. kap. Eidhamar.

Offer til Søvasskjølen fjellkyrkje. Nattverd.

### 5.10. 19. s.i. treeining

**Orkdal** kl. 11. Res. kap. Eidhamar.

**Geitastrand** kl. 11. Spr. Rogstad.

Utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4-åringar. Offer til søndagsskolen. Buss frå Husdalen.

**Orkland** kl. 16. Familiegudstjeneste. Utdeling av «Mi kyrkjebok»

### 12.10. 20. s.i. treeining

**Orkland** kl. 11. Res. kap. Eidhamar. Nattverd.

**Sølberget misjonshus** kl. 11.


Spr. Rogstad.

**Orkanger** kl. 17. Familiegudsteneste. Utdeling av «Min kirkebok»

## «Ikkje om Guds ord — men som Guds ord».

Vi har bilde av Grøtte kyrkje sin preikestol frå 1650 — no på museum i Trondheim. Her skulle altså det myndige Guds ord ha lydt frå i hundreår. La det stå som ei påminning.

«Om Guds ord». Det er mye lesning og prat og tale om det. Noen gonger synest det mest å vere overflod både av bøker og tale. Den gamle preikeformularen lyder: «men som Guds ord» skal du tale og leve.



Dette får vere til ettertanke for hausten og vinterens sitt gudstenesteliv.

Det skal påminne oss som har fått i oppdrag å forkynne frå preikestolen. At vi taler med mynde om Guds frelse og Guds bod til menneska i dag. Slik av trøst og oppreising og utsending blir levande aktuelt for kvar av oss.

Men det same gjeld til oss som foreldre i heimen, som lærarar på skolen, som medkristne kvar på vår plass: At vi talar og lever som Guds ord.

Det vi her skriv om er svært viktig. Vi trur at forkynning og liv om Guds ord — altså teoretiske tankar omkring tru og liv — har fått alt for stor dominans. Det er ikkje så brysamt det å vurdere ting teoretisk

som å leve det ut i praksis. Derfor har vi gått den lettvinde vegen så ofte fordi kravet ikkje skulle bli for stort. Guds levande ord fungerer ikkje ved eit om, men ved eit som — ei uteving i tale og liv.

Frelsesforholdet blir avgjort her. «Så kjem da trua av den bodskapen ein hører, og bodskapen kjem av Kristi ord», slik står det i Rom. 10,17. Det er den rette forløsande rekkefølge. Så får vi da la tanke og flid omgåast Guds ord, så skal det omforme oss slik at vi blir av dei som ber Guds ord i våre liv.

Vi ser fram til ei rik tid i Orkdals menighetsliv. Det skal skje gode og store ting iblant oss. Guds ord vender aldri tomt tilbake, rett utlevt, men skal gi rik haust.